

AT SKOG SA
Postboks 116 Sentrum
3701 SKIEN

Att. Kevin Sinclair

Dato	05/06/2023
Vår referanse	2023/63384-4
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Sigrun Wølstad
E-post	Sigrun.Wolstad@vlfk.no
Telefon	96944535

Kulturminnefagleg fråsegn - Kryssing av Den Trondhjemske postveg - Hogst - gnr. 177, bnr. 1 - Seim - Alver kommune

Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv viser til e-post frå AT skog datert 22.05.2023 som gjeld spørsmål om kryssing av Den Trondhjemske postveg på gnr. 177, bnr. 1 på Seim, Alver kommune. AT skog ynskjer å etablere to kryssingspunkt for hogstmaskinar på opptil 50 tonn. Som regionalt kulturminnemynde skal vi vurdere om tiltaket vil komme i konflikt med automatisk freda kulturminne og nyare tids kulturminne av regional- og nasjonal verdi, jf. kulturminnelova §§ 3, 11, og kommuneplanen sin arealdel for Lindås (KPA) § 4.2.4 a) Den Trondhjemske postveg.

Vestland fylkeskommune og Statens vegvesen var på synfaring med representant for AT skog 26.05.2023.

Vestland fylkeskommune vurderer at tiltaket er søknadspliktig og krev dispensasjon etter plan- og bygningslova, vi ber AT skog om å ta kontakt med plan og byggesak i Alver for å avklare spørsmål om søknadsplikt med kommunen. Vi viser til KPA § 4.2.4 a) *Den Trondhjemske postvei Heile det historiske veganlegget Den Trondhjemske postvei innanfor område H570 skal bevarast, dvs. vegbane og vegbreidde. Tiltak som kan gjere skade på postvegen, endra vegen sin karakter eller som utilbørleg skjemmer kulturminnet er ikkje tillat med mindre det ligg føre løyve frå Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen.*

Den Trondhjemske postveg, Askeladden id. 246692-1blei etablert mellom Bergen og Trondheim i 1790 årene. Dette er den fysiske hovudvegen på Vestlandet som bandt landsdelen saman. Postvegen er bygd og eigd av Statens vegvesen og kulturminne inngår difor i Staten vegvesen sin verneplan for veghistoriske miljø. Postvegen er eit kulturminne av nasjonal verdi og enkelte stadar er postvegen freda.

Gjennom Alver går postvegen frå Isdalstø i sør og Fonnebust i nordaust, i enkelte parti framstår postvegen særleg i sin opphavelige form og strekninga over Langberget er slik eit viktig parti som gir god innsikt om ferdsel på denne tida.

Ynskja kryssingspunkt med store maskinar og høg intensitet vil øydelegge postvegen, skadane vil være så omfattande at det vil vere vanskeleg/umogleg å tilbakeføre i sin opphavelige stand. Vestland fylkeskommune kan på bakgrunn av ovanfor nemnde ikkje tilrå at ein kryssar postvegen, vi ber om at AT skog løyser uttaket av skog på ein måte som ikkje medfører inngrep i Den Trondhjemske postveg. Statens vegvesen som vegeigar deltok på synfaringa og er informert om innhaldet i dette brevet.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KFO - Arealplan

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar
KFO - Arealplan

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

STATENS VEGVESEN	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
ALVER KOMMUNE	Postboks 4	5906	FREKHAUG
STATSFORVALTAREN I VESTLAND	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER